


ÅRSMELDING 2024



**Strand kyrkjelyd
- kyrkje med rom for alle**

STRAND SOKNERÅD

Eli Nesvåg, leiar
Jostein Woie, nestleiar
Odd Bjørn Næss
Heidi Heggheim
Ivar Haugvaldstad
Nils Terje Krumsvik

Vararepresentantar
Tore Voster
Sigbjørn Turøy
Svein J. Risøy
Ester Haugvaldstad

Martin Ivar Arnesen, sokneprest
Liv Åse Gaard, sekretær

Soknerådet har hatt 8 møte og handsama 54 saker i 2024.

Kulturutval:


Magne Grødem, Synnøve Keilegavlen Nygård, Trond Hjorteland,
Aslaug Elin Kleven, Anders Berglund.

Diakoniutval:

Nils S. Eie, Reidun Fjelde, Marit Nag

TILSETTE I STRAND SOKN

Sokneprest:	Martin Ivar Arnesen
Organist:	Anders Berglund
Kateket:	Bodil Sande Turøy
Menighetspedagog:	Anita Grødem
Adm.leiar:	Liv Åse Gaard
Kyrkjetenarar:	Wenche Krogevoll Anne van Beuzekom (tom. juni) Sofie van Beuzekom (fom. aug.) Dmytro Sivertsen
Diakoniarbeidar:	Marta Frantzen
Kyrkjeverje:	Øystein Marton Lode



GUDSTENESTER OG TAL 2024

I Strand sokn er det 4019 medlemmer pr. 31.12.24 (5 færre enn 2023). Det er gudsteneste nesten kvar søndag, samt heilagdagar. Mange aktive frivillige, og tenesteheftet blir sendt ut til ca. 80 husstandar kvart semester.

I statistikken vil spesielt tal på gudstenester, frammøte, inntomme i offer – vere avvikande i 2020 og 2021 pga. koronapandemien.

Strand kyrkjelyd	2020*	2021*	2022	2023	2024
Døypte	63	62	46	44	50
Vigsler	12	18	15	19	17
Gravferder	40	40	43	27	42
Konfirmantar	47	57	55	66	49
Innmeldte i DnK	0	6	2	8	5
Utmeldte i DnK	20	47	23	15	21
Hovudgudstenester (m. lør.)	53	52	47	46	47
Gj.snitt frammøte	76	104	165	169	181
Gudstenester m. nattverd	10	18	19	22	24
Gj.snitt nattverdsgjestar	55	77	84	78	119
Inntomme kyrkjeoffer i alt	196 726	318 835	336 838	363 644	337 536
Av dette til eiga verksemd	39 650	131 320	150 110	86 876	86 806
Inn givarteneste og gåver til krk.l.arbeidet	105 900	109 578	127 294	105 476	124 874

TRUSOPPLÆRINGSMIDLAR 2024

INN Tildelte midlar 2024	488 000,00
---------------------------------	-------------------

UT

Lønn (30% men.h.pedagog, 20% kateket)	463 600,00
---------------------------------------	------------

Adm. kostnader	24 400,00
----------------	-----------

SUM UT	488 000,00
---------------	-------------------

REKNESKAP 2024

UT

Overført offer til andre	250 730,00
Lønn (men.h.pedagog, 20 %)	199 780,00
Forbruksvarer: Mat, akt.utstyr	290 213,94
Gaver og jublantblomster	25 884,64
Annonser	23 435,58
Leige leir Vaulali	46 860,00
Inventar og utstyr	100 474,05
Honorar og reiseutgifter	320 266,60
Medlemsavgifter, refusjoner, gaver til andre org.	113 639,60
Gebyr bank, Vipps	9 594,65
SUM UT	1 380 878,26

INN

Offer til andre i gudstenesta	250 730,00
Innsamla til andre (julegåver)	14 400,00
Offer til eiga verksemd i gudstenesta	86 806,00
Givarteneste og gåver	124 874,00
Kontingentar, medlemspengar	19 980,00
Eigenbetaling div aktivitetar, turar, arrangement	414 915,00
Sal kiosk, middag, lodd	81 258,47
Tilskot	150 575,10
Refusjon frå staten (MVA)	71 909,00
Refusjon frå Fellesrådet (lyspærer)	20 879,00
SUM INN	1 236 326,57
Brutto driftsresultat	-144 551,69
Renteinntekter	17 627,00
Netto driftsresultat – meirforbruk	-126 924,69

BALANSE

Bank 31.12.2024	234 316,49
Fordringar/kasse	78 677,50
SUM EIENDELER	312 993,99
Disposisjonsfond frå 2023	391 028,65
Årets resultat	-126 924,69
Sum eigenkapital	264 103,96
Kortsiktig gjeld	48 890,03
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	312 993,99

REKNESKAP NY KYRKJE 2024

UT

Overført Strand krk. Fellesråd (innsamla til ny kyrkje)	800 000,00
Gebyr (Solidus, Vipps, bank)	14 724,96

SUM UT	814 724,96
---------------	-------------------

INN

Givarteneste og gåver	534 200,00
Gåver frå firma	98 900,00
Utleige, sal	78 214,00
Offer	55 891,00
MVA-kompensasjon	2 215,00

SUM INN	769 420,00
----------------	-------------------

Brutto driftsresultat	-45 304,96
Renter	21 413,00

Netto driftsresultat - meirforbruk	-23 891,96
---	-------------------

BALANSE

Bank 31.12.2024	45 444,48
Fordringar/kasse	25 829,00

SUM EIENDELER	71 273,48
----------------------	------------------

Disposisjonsfond frå 2023	91 561,44
Årets resultat	-23 891,96

Sum egenkapital	67 669,52
------------------------	------------------

Kortsiktig gjeld	3 604,00
------------------	----------

SUM EGENKAPITAL OG GJELD	71 273,48
---------------------------------	------------------

NETTO INNSAMLET PR 31.12.2024: 7 867 669
MÅL: 11 000 000


KYRKJENE

STRAND KYRKJE (innvigd 04.11.1874)

Solcelletaket produserer årleg ca. 20 000 kWh.

Kyrkja har varmestyringsanlegg.

Vigsler og gravferder er i Strand kyrkje.



I november var kyrkja 150 år. Det blei markert med historisk kveld i Strand kyrkje med foredrag om kyrkjer i Strand av Stein Auestad med over 130 frammøtte. Laurdag var det framføring av jubileumsmessa «Her i Hans hus» skrive av organist Anders Berglund i høve jubileet. Messa blei framført i Tau kyrkje med prosjektkor og band. Det var om lag 400 besøkande på arrangementet. Søndag var det jubileumsgudsteneste i Strand kyrkje der biskopen deltok og det heile blei avslutta med jubileumsmiddag for ca. 100 personar på kyrkjetoget i den nye kyrkja.

TAU KYRKJE (innvigd 12.09.2021)



Gudstenestene er i Tau kyrkje.

Kyrkja er også i høgste grad ei kvardagskyrkje som er i bruk heile veka og fylt med aktivitetar.


På dagtid er det utleige til Strand VGS, og på ettermiddag/kveld ulike tilbod til barn, unge og vaksne som kor, klubb, konfirmantarbeid,

temasamlingar, foreiningsmøter, kulturkveldar, konsertar osv.

Strand sokneråd har konto for gåver og givarteneste til Tau kyrkje og skal samle inn 11 millionar kroner. Pr. 31.12.24 var det samla inn kr 7,86 mill.

PREIKESTOLEN

Preikestolen er felles kyrkjeblad for Strand, Forsand og Hjelmeland. Bladet kjem i eit opplag på ca. 7 400 blader og går ut til alle husstandar i Strand, Forsand, Årdal, Fister og Hjelmeland.



I 2024 blei det gjeve ut 4 nummer. Det kom inn kr. 113 993 i frivillig abonnement frå ca. 344 husstandar og kr. 83 325. i annonsar frå bedrifter.

Styret for Preikestolen: Kyrkjevevje i Strand - Øystein Lode
Kyrkjevevje i Hjelmeland - Mette Ingvaldstad
Dagleg leiar i Forsand - Siv Fossan
Prost Sigrid Sigmundstad



Arbeid for barn 0-12 år

Lokal plan for trusopplæring blei godkjent i 2016. I 2024 var det 936 døypte barn i alderen 0-17 år, og 315 deltok på ulike ting.

0 år - Babysong

Kvar veke i jan.-april og sep.-des. 58 barn har vore innom (132%)

1-3 år - Barnesong

Kvar veke jan.-april og sep.-des. 26 barn har vore innom (63% av 2-åringar).

4 år – Fest med føresette 15 barn (29%)

Gudsteneste med utdeling av kyrkjebok, 13 barn (25%)

8 år – Kongeklubben

5 samlingar rett etter skuletid i feb/mars, og deltaking på gudsteneste. 11 barn deltok, (21%)

9 år – Tårnagenthelg

I kyrkja lørdag ettermiddag og gudsteneste søndag. På våren. 20 barn, (36%)

9 år – Skulefridag i november

Nytt i 2023!

Skulefridag i kyrkja – med temasamling, aktivitetar i hall, lunsj og leiker. Ikkje gjennomført i 2024

10 og 11 år - Haustferieleir på Vaulali

Leir over to døger. Tema: Bibelen. 40 barn deltok (41%). 5. og 6.trinn.

11 år – Lys Vaken

Første helga i advent med opplegg i kyrkja lørdag ettermiddag/kveld, og deltaking på gudsteneste søndag. 14 barn deltok (33 %).

Tau kyrkje søndagsskule

Det var søndagsskule 18 gonger fordelt på to grupper, 3-7 år, 8-11 år. Gjennomsnitt frammøte er 13 stk. 72 barn var innom.

Tau Barnegospel

Barnegospel er for barn frå 4 år og oppover. Dei har øvingar annakvar tysdag med eit snitt på 20 barn som deltar.

Kveldsmat etter øvinga.

Tau Barneklubb

Klubb for barn i alderen 5-10 år. Samling annankvar måndag kl. 15.30 -17.00, med eit måltid varm mat, andakt e.l. og ein hobbyaktivitet. Gjennomsnitt frammøte er 59 barn, og mange foresatte er med. Det er påmelding til kvar gong.



Kick - nytt i 2024

Samlingar for 5.-7.trinn i kyrkja fredagar kl.18-19.30.

Me starta med to samlingar på våren, og annankvar fredag i haust. Her er det samling med andakt og song i kyrkjesalen, gratis mat og sal i kiosken, og forskjellige aktivitetar på kyrkjetorget.

Gjennomsnitt frammøte er 48 barn. 114 barn var innom i haust.

Kick+ er ei ressursgruppe for Kick, 8 frå 7.trinn som er med og planlegg samlingane, dei er forsongarar og står i kiosken. Dei har også eigne samlingar, ca.1 pr. mnd.



Samarbeid med skular og barnehagar

Barnehagar - det er 4 barnehagar i soknet

Alle barnehagane deltok på julevandring med 4- og 5-åringar i desember. Ein barnehage kom på påskevandring.

Skular

Alle skulane deltok på skulegudstenester i Tau kyrkje før jul, fordelt på 3 gudstenester.

Me hadde påskevandring for 2.trinn og pinsevandring for 4.trinn

Arbeid for unge 13-20 år

Konfirmasjonstid 2023/2024

Oppstart august 23 med to dagars leir på Tau/Bjørheimsbygd-Camp Ryfylke, med ca. 200 konfirmantar frå heile Ryfylke. Året elles består av undervisning, gudstenester, heimegrupper, innsamlingsaksjon til Kirkens nødhjelp, konfirmantfest med meir. 49 blei konfirmerte i 2024, (91%). I tillegg blei 5 konfirmert andre stadar (4 i Jørpeland kyrkje, 1 på Tau bedehus)

Basic (ungdomsklubb)

For ungdom i ungdomsskulealder. Nokre gonger har startar me samlinga med aktivitetar i gymsal for dei som har lyst. I kjellaren i kyrkja er det biljardbord, bordtennisbord, Playstation og liknande. I løpet av kvelden samlast me til ein liten andakt / tema og leiker / konkurransar. Sal av kioskvarer og mat. Ungdommar er involvert i planlegging og gjennomføring.

Basic + (ungdomsleiargruppe)

Gruppa består av 16 ungdommar som fungerer som eit styre i Basic. Me har styremøte og sosiale samlingar der me lagar mat, snakkar saman og har det sosialt. I tillegg har me også hatt overnatting i kyrkja, bowla i Stavanger og hatt teambuilding på Fangene på fortet. Fordi Basic er tilknytta KRIK sentralt, har mange av denne gruppa også deltatt på leiarsamlingar dei har arrangert.

VIDERE, Follow Me

Leiartrening frå 10. klasse og oppover. Gjennom undervisning og praksis skal ungdommane utvikle seg som kristne og som leiarar i kyrkjelyden. 19 ungdommar har vore med gjennom året.

ENTER, en plass å være, sammen

En uformell open møteplass for ungdommar frå 10. klasse og oppover. Mat, kiosk, Biljard, PS, brettspel mm.



MISJON

Misjonsprosjekt

Strand kyrkjelyd har misjonsavtale med NMS om 2 prosjekt:

Menighetsbygging i Estland

Landsbyutvikling på Madagaskar

Soknerådet har avtale om desse 2 prosjekta ut 2024.



Ein vil ha fokus på misjon i kyrkjelyden ved å

- Gi 8 offer i året til misjonsprosjekta.
- Be for misjonsprosjekta i gudstenesta
- Be for misjonærar som er ute i teneste
- Informere om misjonsprosjekta

Det var 9 ofringar i kyrkja til Misjonsprosjekta i 2024.

Innsamla: kr. 78 557.

KULTUR

Kulturarrangement

Kulturutvalet stod for mange kulturarrangement i 2024.

Det var temakvelder med

Kjell Arild Pollestad,

Sunniva Gylver,

Helge Simonnes, Ingvard

Wilhelmsen.

Det var arrangement som:

Stand-up-show med Rune Bjerga, Påskechurch med Stavanger

Gospel Company og Thor Haavik, Tau kyrkje Syng! m/ Leif Ingvald

Skaug, kor-/sangkveld med Divisi, Rockesokk-konsert, konsert med

Maria Edland, konsert med Marthe Wang.



I tillegg var det arrangement og konsertar i kyrkja ved andre eller ved utleige – julekonsert med Øklands, julekonsertar med Kornelius, «Ei freastund» m/Mariann Aslaksen m. fl., «Vinterpust» m/Thea Sofie Barka, Mathias Keilegavlen og Ole-Petter Ålgård og gjester.

Aktiv-klubben

Aktiv-klubben har eige styre, men er ein del av kulturutvalet sitt arbeid. Det er samling siste måndagen i månaden. Program: Tema/foredrag, måltid, drøs, kveldstankar. Frå 75-300 frammøtte på Aktivklubben.

Tema i 2024 ved: Trond Skarpsno, Per Anders Nordengen, Aslak Bråtveit, Ernst Baasland, Ingunn P. Wetrhus, Palle Ydstebø, Tor Øyvind Skeiseid.

FLEIRE TILBOD

Open kyrkje - bønneteneste

Det er open kyrkje om lag annakvar måndag kl. 18-19. Bønnesamling ein halvtime før kvar gudsteneste.

Strikkekafé

Strikkekafé på kyrkjetoget ein måndag i månaden kl. 19-21.



Klubb for ungdom med hjelpebehov

Klubben har klubbkveld ein tysdagskveld i månaden i Jørpeland kyrkje, aldersgruppe 15-30 år. Frammøte ligg jamt på 35 stk. Det er vaksenleiarar frå Strand og Jørpeland kyrkjelydar som driv klubben.

Helsing til jubilarar - Jubilarar får helsing frå kyrkjelyden ved fylte 85, 90, 95, 100 år. Diakoniutvalet går med blomster og brev.

Sorggrupper – Det er ei sorggruppe vinteren 2024/2025 i Jørpeland kyrkje – samarbeid mellom Strand, Forsand og Jørpeland sokn.



Innsamling og utdeling av julegåver

I desember arrangerte kyrkjelyden i samarbeid med Strand VGS avd. helsefag - innsamling av mat og julegåver til flyktningar. Det blei levert ut mat og julegåver til ca. 80 familiar.

Juletreff etter nyttår - Soknerådet arrangerte juletreff torsdag 2. januar. Ca 100 personar deltok, eit positivt tilbod som soknerådet ønskjer å halde fram med.

Språk-kafé – Annakvar måndag er det språk-kafé der framand-språklege barn og vaksne kan øve seg på å snakke norsk i eit sosialt fellesskap. Mat og aktivitet.

GIVARTENESTE STRAND KYRKJELYD

Gåver gir rett til skattefråtrekk



**Innsamling Tau kyrkje:
Kontonr. 3205 20 60477**



**Trusopplæring barn og unge:
Kontonr. 3205 30 02233**